



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
11. mars til 17. mars



Måndag 11. - kl. 12.00 - Lunsjkonsernt - Bremnes kyrkje

Pensjonistforbundet i samarbeid med Bremnes sokneråd inviterer til flygelkonsernt med klassiske svisker frå kantor Øystein Lund Olafsen. Kaffi og drøs etter konserten.



Tysdag 12. - kl. 12.00 - Ope bibliotek - Moster Amfi

Velkomen til det sjarmerande bygdebiblioteket i Moster Amfi, ein filial under Bømlo folkebibliotek.



Tysdag 12. - kl. 10.00 - Seniortur - Bømlo turlag

Destinasjon denne tysdagen er Rolfsnes - Brubakken (middels krevjande). Start: Svortland skule. Kontaktperson: Martin Solnes, tlf 900 45 695.



Onsdag 13. - kl. 10.00 - Jenter på tur - Røde Kors-huset

Turgruppe for damer i alle aldrar på ulike turstiar i kommunen. Oppmøte på Røde Kors-huset. Alle betalar kr 25 til sjåføren for korte turar.



Torsdag 14. - kl. 15.00 - Aqua gym - Bømlo symjehall

Trening for styrke, rørsle og uthald som blir utført i grupper etter musikk med instruktør på land. Høver for alle aldersgrupper. Påmelding via nettsider til Bømlo symjehall. Pris kr 70.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Bremnes sogelag for historieinteresserte

Bremnes sogelag vart skipa i 2022. Laget arbeider med å samla og publisera lokalhistorisk tradisjon og kunnskap frå nordre del av kommunen.

Saman med Bømlo tur- og sogelag, Moster sogelag og Espevær historielag har dermed alle bygdene i kommunen eit forum for sogeinteresserte.

Bremnes sogelag inviterer til sogekveldar med foredrag og drøs om heimbygda i eldre tid, og gjev om hausten ut årboka Klaffetelegrafan der lokale skrivarar utfaldar seg;. No førebur me tredje årgangen.

Laget har om lag hundre medlemar, men har plass til fleire. Ynskjer du medlemskap, er det enklast å melda seg inn med **SMS til 918 65 873**.

Me treng også e-postadressa di, om du har den slags.

Har du spørsmål eller innspel til sogelaget, ta kontakt med:

leiar Sindre Nilsen, telefon 955 22 919
eller e-post: sindre79nilsen@gmail.com

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post:

postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00

Klaffetelegrafan



BREMNES SOGELAG
ÅRSSKRIFT 2023
ÅRGANG 2

Foto: Bremnes Sogelag

Er det noko du saknar i dette informasjonsarket?

Ta kontakt på kommunetest@posten.no